

Lokallag Vestland

Lokal fylkesinfo 4/25 - Organisasjonsmessig handsaming av arbeidstidsavtalane i KS

Hausten 2025 skal særavtalane for arbeidstid; SFS 2213 for undervisningsstillingar i grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring og SFS 2201; for barnehage og SFO, reforhandlast av dei sentrale partane. Dato for reforhandlingane er førebels ikkje sett.

Sentralstyret ynskjer innspel frå medlemmene i forkant av reforhandlingane og har difor vedteke at det skal gjennomførast ein prosess i organisasjonen, der enkeltmedlemmer, klubbar, lokallag og fylkeslag får høve til å komma med innspel.

Innspel som kjem fram gjennom denne organisasjonsmessige handsaminga, vil vera ein viktig del av sentralstyret sitt avgjerdsgrunnlag når dei skal vedta kva inngang og kva eventuelle krav organisasjonen skal ha i forhandlingane.

Reforhandlingane av SFS 2213 og SFS 2201 er ein del av tariffarbeidet som heilskap, der element må vurderast både særskilt og i samanheng. Vurdering av kva som skal vera organisasjonen sin posisjon i forhandlingane må baserast på eit breiast mogleg kunnskapsgrunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget inneber ulike element. I tillegg til innspel frå medlemmene gjennom denne prosessen, vil ein mellom anna måtta ta omsyn til presset på bemanningsnormene, det pågåande forskingsprosjektet om lærarane sin arbeidstidsavtale, arbeidet med lærarrolla og laget rundt, satsinga *Tid for dei minste*, rapporten frå medlemsundersøking om arbeidstid i barnehage- *Når plantid berre er ein plan*, og oppfølging av landsmøtevedtaket om «*Ein framtidsretta barnehage*»

Det er viktig at medlemmene våre får høve til å uttala seg når arbeidstidsavtalane deira er på agendaen. Fylkesstyret ber difor lokallaga legge til rette for arenaer der medlemmene får diskutera arbeidstidsavtalane SFS 2201 og SFS 2213 og komma med innspel til kva det eventuelt bør fremjast krav om i forhandlingane.

Lokallaga veit best kva prosessar ein kan ha lokalt for å få innspel frå medlemmene. Til dømes klubbhøyring, ATV- møte, medlemsmøte eller anna.

Medlemmer i vidaregåande opplæring skal ha eigen prosess i regi av Utdanningsforbundet Vestland. Denne medlemsgruppa treng difor ikkje lokallaga involvera i sin prosess.

Sentralstyret har sendt ut to spørsmål som kan nyttast som utgangspunkt i diskusjonane.

- Kva i dagens særavtale for arbeidstid i barnehage og skule (SFS2201/SFS2213) treng forbetringar. Nemn gjerne fleire ting, men prioriter den du meiner er den viktigaste.
- Kva i dagens særavtale for arbeidstid i barnehage og skule (SFS2201/SFS2213 er det viktig å behalda / ikkje endra ? Prioriter tre punkt.

Lenker til avtalane:

[SFS 2213 Arbeidstid skole](#)

[SFS 2201 Arbeidstid barnehage](#)

Struktur og frist for innsending:

Fylkesstyret ber lokallaga samanfatta svara frå sitt lokallag og sende innspela til fellespostkassen; vestland@utdanningsforbundet.no innan **06. juni**.

Merk e-posten, i tittelfeltet, «Svar på organisasjonsmessig handsaming av arbeidstid,.....lokallag»

Med venleg helsing

Steinar Vegsund Strømsli
Fylkesleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.